



Norddal kommune
- ein verdsarvkommune

Årsmelding 2006 – kort versjon



Ordførar
Arne Sandnes



Rådmann
Stig Holmstrøm

Kommunestyret i Norddal har gjort vedtak om at det skal lagast ein kortversjon av kommunen si årsmelding som skal sendast ut til alle husstandar i kommunen, og elles kunne brukast overfor interesserte i ulike samanhengar.

Årsmeldinga skal seie noko om kva resultat vi kan vise til i kommunen siste året, både når det gjeld økonomi og tenesteproduksjon. På bakgrunn av dette, og det ein elles veit om samfunnsutviklinga, prøver ein også å seie noko om utfordringane framover.

Årsmeldinga er difor eit viktig dokument som grunnlag for eventuelt å gjere "kursendingar", slik at ein vert endå betre i stand til å møte framtida.

Dei som ønskjer å lese heile årsmeldinga, kan anten ta kontakt med servicetorget eller finne ho på kommunen sine heimesider.

Norddal kommune 6210 Valldal – Tlf. 70 25 88 00
post@norddal.kommune.no – www.norddal.kommune.no

Drift i balanse – økonomiske nøkkeltal og analyse

Ein kortfatta presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal for 2006 og ein analyse av den finansielle stillinga ved årsskiftet.

Driftsrekneskapen 2006 hovudtal

1000 kroner	Rekneskap 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2005
Rammetilskot	-31585	-31570	-32905
Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt	-51608	-51034	-46787
Overføringar med krav til motytelse	-20252	-17901	-19010
Øvrige driftsinntekter	-31194	-27428	-26094
Sum Driftsinntekter	-134639	-127933	-124796
Lønnsutgifter inkl sos. utgifter	96063	94413	89656
Kjøp av varer og tenester	28295	25659	25870
Overføringar	11178	8560	9848
Avskrivningar	5196	5300	5140
Fordeelte utgifter	-6307	-5990	-4638
Sum Driftsutgifter	134425	127942	125876
Brutto driftsresultat	214	-9	-1080
Sum Eksterne finansinntekter	-5457	-5440	-4947
Sum Eksterne finansutgifter	9212	9802	7511
Resultat finanstransaksjonar	-3755	-4362	2564
Motpost avskrivningar	-5195	-5300	-5140
Netto driftsresultat	-1654	-928	-1496
Sum bruk av avsetningar	-2528	-2735	-2236
Sum avsetningar	4041	3663	3718
Resultat mindre forbruk	-141	0	-14

■ Rekneskapen for 2006 viser eit positivt netto driftsresultat på 1.654 millionar kroner. Etter bruk og avsetjingar til fond og finanstransaksjonar, har kommunen eit mindre forbruk (overskot) på 141.000 kroner.

Netto driftsresultat i forhold til brutto driftsinntekter er lågt, men betra seg frå 1,19% i 2005 til 1,22% i 2006. Over tid bør det vere på over 3%.

■ Driftsresultatet er ikkje stort nok med tanke på å skape ein solid buffer for svingingar i den kommunale økonomien. Kommunen har eit driftsmessig underskot før finansinntekter med særleg overforbruk på lønn og kjøp av varer og tenester. Det er auken i eigedomsskatt og konsesjonskraft som skaper driftsmessig balanse for 2006.

■ Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar låg i 2006 på 47.088 kroner i Norddal, medan gjennomsnittet for kommunane i fylket låg på 31.542. Netto driftsutgifter er brutto driftsutgifter minus øyremerkte tilskot og andre inntekter.

Kommunen sine inntekter er rammetilskot, formue- og inntektsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft.

	2002	2003	2004	2005	2006
Sum rammetilskot (ordinært)	28 610	31 765	27 925	32 905	31 585
Skatt på formue og inntekt	35 310	36 630	36 307	35 621	38 262
Eigedomsskatt	8 926	9 431	8 357	11 166	13 345
Konsesjonskraft	3 712	7 320	8 333	5 831	8 605
Sum frie inntekter	76 558	85 146	80 922	85 523	91 797
Endring i %	6,6%	11,2%	-4,9%	5,7%	7,3%

Utgifter til løn

1000 kroner	2003	2004	2005	2006
Løn og sosiale utgifter	82 880	85 124	89 656	96 064
Brutto driftsutgifter	113 498	119 247	125 876	134 425
%-vis utgifter til løn	73,0%	71,4%	71,2%	71,5%

- Utgiftene til løn har auka med om lag 6,4 millionar kroner frå 2005. Talet på årsverk har auka frå 181 i 2005 til 186 i 2006.
- Sjukefråveret har auka frå 7,7% i 2005 til 9,3% i 2006.
- Godtgjersle til politisk styring og kontrollorgan har auka. Norddal brukar 1.095 kroner per innbyggjar medan snittet for fylket er 387 kroner.
- Lønsutgiftene til administrasjonen viser at Norddal ligg på 2.780 i snitt medan gjennomsnittet i fylket er på 2.662 kroner.

Investeringar

- Norddal kommune sine investeringar i 2006 var på 21,268 millionar kroner, mot 16,709 millionar kroner året før. 93,5% av investeringane vart finansierte ved låneopptak. Den største investeringa er til Åsevegen.
- Lånegjelda har auka frå 89,485 millionar kroner i 2002 til 113,430 millionar kroner i 2006.
- Norddal kommune eig for 32,8 millionar kroner i aksjar. I 2006 vart det kjøpt aksjar i Storfjord Helsesenter AS for 497.000 kroner og i Vitafjord Kurscenter for 150.000 kroner.

“Vinnarar og taparar”

Rekneskapstala frå 2005 og 2006 viser at det er nokre område som har fått meir å rutte med, medan andre har fått mindre eller er om lag på same nivå.

Døme på hovudtalsnivå:

- Politisk styring og sentral administrasjon er redusert
- Undervisning har ikkje auka i volum på grunn av nedlegging av skulen i Fjørå
- Helse, sosial og omsorgstenester har fått solide påplussingar
- Næring er styrka

Døme på tenestenivå

- Valldal skule kjem godt ut
- Kultur har påplussing
- Ungdomsarbeid har auke
- Funksjonshemma og omsorg har auke
- Syltebøen barnehage har reduksjonar med same driftsnivå
- Edruskapsvern er det brukt lite pengar på

Utfordringar

Norddal kommune står framleis framfor store utfordringar knytt til busetnad og næringsutvikling.

Eit gledeleg trekk er at folketalet i 2006 auka med ni personar etter at kommunen gjennom fleire år har hatt ei negativ folketalsutvikling. Dette har verknad for overføringane frå staten. Alderssamansetjinga av innbyggjarane er også viktig, med tanke på omfanget av tenesteproduksjonen og kostnadene.



Aktiv kommune.

Ved utgangen av 2006 var det 1 817 innbyggjarar i Norddal kommune, ein auka på 9 personar frå 2005.

Går ein attende til 1980 er folketalet redusert med 14,8 %.

Frå 1980 til 1990 var nedgangen 69 personar, frå 1990 til 2000 59 norddalingar og frå 2000 til 2006 137 personar.

Norddal kommune er i høgste grad ein samfunnsaktiv kommune, der kommunen åleine eller i partnerskap med andre aktørar, tek initiativ for ny utvikling.

Dørne på utviklingstiltak kommunen har vore med på i 2006:

- Utvikling av konseptet «Muriparken»
- Oppstart utvikling av industriområdet Djupøya
- Nasjonal Turistveg
- Etablering eigedomsselskap
- Oppstart arealplanarbeid
- Arbeid med Landbruksplan
- Nærmiljøsentra
- Arbeid med samfunnsdelen i kommuneplanen
- Leiarutvikling
- Klosterplanar Syltefjellet
- Arbeid med verdsarvstatusen
- Åknes/Tafjord-prosjektet
- Prosjektet «Livskraftige kommuner»
- God helse

Den kommunale organisasjonen er under sterkt press for å imøtekomme alle krav og forventningar som vert stilt frå brukarar av tenestene så vel som frå lokale politikarar og sentrale styresmakter. Samstundes som personalressursane kan kjennast knappe nokre gongar, er det i nokre høve vanskeleg å sikre god nok kompetanse for utføring av arbeidet. Ulike former for rekrutteringstiltak vil difor vere naudsynte og avgjerande for Norddal kommune i åra framover, om ein skal oppretthalde kvantitet og kvalitet på tenestene. Nokre tiltak er sette i verk, medan andre er under arbeid. Rekrutteringpolitikken i kommunen må få endå større merksemd.

Ein konklusjon er:

Norddal kommune har ein økonomi under kontroll og medarbeidarar som gjer godt arbeid. Samstundes har kommunen vist vilje og evne til deltaking i fornyings- og omstillingsprosessar for å skape ny utvikling. Denne samfunnsaktive haldninga må dyrkast, og vi må alle, kvar på vår plass, bidra til positiv omdømebygging av kommunen.